



Arbeidstilsynet  
v/ Målfrid Oppedal  
7468 TRONDHEIM

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/874 - 16/14316

Saksbehandlar:  
Lisbeth Toppe Alvær  
lisbeth.alvaer@radoy.kommune.no

Dato:  
09.11.2016

## Tilbakemelding tilsyn

**Punkt 1)** Radøy brannvern består av eit mannskap på nitten tilsette under leiing av brannsjef i 25 % stilling. Brannvernet har fem røykdykkarar og seks befat. Med unntak av brannsjefen, er mannskap tilsett i 1,39 % stilling. Seks befat deltek i vaktordninga, og øvrig mannskap vert kalla ut ved alarmering. Alle brannmannskap ber varslar for å kunne motta alarm. Vaktordninga er regulert gjennom lokal særavtale for brannmannskap.

Brannforebyggjande arbeid er lagt til Nordhordland og Gulen Interkommunale Branntilsyn (NGIB), som er et interkommunalt samarbeid.

Kommunen har ein feiar tilsett i 100 % stilling.

**Punkt 2)** Kartlegging av risiko og risikovurdering vart gjennomført saman med brannmannskap 31.05.16. Kartlegginga vart gjort på «whiteboard/tavle», og diskusjon og risikovurdering vart gjort undervegs i møtet. Det ligg ikkje føre anna dokumentasjon på denne gjennomgangen enn den som er oppsummert i førre tilbakemelding.

**Punkt 3)** I 2015 gjennomførte feiar 773 feieoppdrag og 555 tilsyn. Så langt i 2016 er det gjennomført 766 feieoppdrag og 379 tilsyn.

**Punkt 4)** Rutinane som er etablert for å redusere eksponering frå støv, gass og brannrøyk er kjent blant brannmannskap, og er tema både på samlingar, øvingar og i evaluering av aksjonar. Det vert arbeidd med å skriftleggjere desse. At det ikkje ligg føre skriftlige rutinar betyr ikkje at slike ikkje er kjent og munnlig kommunisert. I følgje brannsjefen er dette kjent for brannmannskap, og det er hans vurdering at mannskapet er flink til å følgje desse både før, under og etter oppdrag, samt i samband med øvingar.

Når det gjeld feiar opplyser han at det er laga gode rutinar for å førebygge helseskade. Feiar nyttar beste type filtermaske, hanskar og kjeledress tilpassa feieoppdrag. Feiar dusjar på stasjonen etter endt arbeidsøkt, og bilen vert jamnleg gjort rein. Feiar har tredelt skap; ein del for reine tilsynsklede, ein del for feiarklede og ein del for skitne klede. Avlukka i skapet er tett, slik at det ikkje er

fysisk kontakt mellom desse. Klede vert sendt til vask på lokalt vaskeri (AUFERA) kvar veke, eller oftare ved behov, og feiar har tilstrekkeleg med bytteklede.

**Punkt 5)** Utfordringsbildet knytt til helsekader i arbeidssituasjonen er godt kjent blant brannmannskap og feiar, og vil bli fulgt opp med besøk fra bedriftshelsestjenesten 06.12.16 og foredrag fra «*Brannmenn mot kreft*» utpå nyåret. Det pågår systematisk utskifting av brannvernutstyr og personleg verneutstyr, slik at brannmannskap og feiar skal vere så godt budd på arbeid i helsekadeleg røyk og støv som mogleg.

Det vil bli prioritert å jobbe med ei skriftleggjering av etablerte rutinar, både før, under og etter uthykning og i samband med øvingar.

**Punkt 6)** Brannstasjonen er lokalisert vegg i vegg med Teknisk stasjon. Det er garderober i bygget og dusjmuligheter i Teknisk stasjon. Det er tilgang på vask med to kar for reingjering av utstyr.

**Punkt 7)** Helsefarens som brannmannskap vert utsett for i sitt arbeid er m.a. tatt opp på samling 31.05.16. Det vart då gjort ei risikovurdering og vurdering av risikoreduserande tiltak saman med mannskap, basert på dei hendingane som brannvernet i Radøy normalt vert involvert i. Med dette utgangspunktet vert det arbeidd med å få på plass skriftlige rutinar. Fag forbundet sin brosjyre «*Jobbe i farlig røyk*» er også gjort kjent og gjort tilgjengeleg på stasjonen.

**Punkt 8)** Kopi av planer for bedriftshelsetjenestens bistand i 2016, samt årsrapport for bedriftshelsetjenestens arbeid i 2015 er lagt ved.

**Punkt 9)** Turnuslege ved Radøy legesenter utfører helseundersøking av brannfolk og feiar. Kompetanse til å gjøre dette er sikra ved spesialist i allmennmedisin og samfunnsmedisin som kontrollerar arbeidet, og kommunelegen har vurdert at denne kompetansen har vore tilstrekkeleg til å sikre forsvarlege undersøkingar av denne gruppa tilsette. Dei fleste av brannmannskapet har også fastlege ved Radøy legesenter. Dersom Arbeidstilsynet meiner at dette arbeidet må utførast av spesialist i arbeidsmedisin, ønskjer Radøy kommune og Radøy legesenter ei tilbakemelding om dette.

**Punkt 10)** Legene ved Radøy legesenter er vel kjent med kreftfare og dødelighet blant yrkesaktive brannfolk, jf. samtale med kommunelege og dette er sjølve grunnlaget for helsesjekk som skal gjerast med jevne mellomrom, jf. Veileddning om Helseundersøkelse og fysiske tester for røyk- og kjemikaliedykkere.

**Punkt 11)** Trond Sylta er verneombud.

Med helsing

Lisbeth Toppe Alvær  
kommunalsjef drift og forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Handlingsplan 2016 HMT arbeidet Radøy kommune - (L)(74880)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Samhandlingsdokument 2016 Radøy komm (2) (L)(72739)  
Årsrapport HMS Gruppen AS - Samla oversyn over (L)(74879)

**Kopi til:**

Stein Ove Valdersnes

**Mottakarar:**

Arbeidstilsynet

v/ Målfrid Oppedal

7468

TRONDHEIM